

Frå det kjende til det ukjende

– etymologi til heider og ære igjen

Camilla Bjørke, Førstelektor og Kristin Føsker Hagemann, Førsteamanuensis, Høgskolen i Østfold

Introduksjon

Denne artikkelen tek utgangspunkt i to av kjerneelementa i fagfornyinga for framandspråkfaget: kommunikasjon og fleispråklegheit. Det kjem òg fram i beskrivinga av formålet med faget:

Kommunikasjon er selve kjernen i faget. Å lære fremmedspråk handler om å forstå og bli forstått. Elevene skal utvikle kunnskaper og ferdigheter for å kommunisere hensiktsmessig både muntlig og skriftlig. (...) I møte med faget fremmedspråk er elevene allerede flerspråklige og har omfattende språklæringserfaring fra ulike kontekster. **Ved å overføre språkkunnskaper og språklæringserfaringer fra andre språk elevene kan og kjenner til, blir læringen mer effektiv og meningsfull.**

(Utdanningsdirektoratet 2019, våre uthevingar)



Ord er ein føresetnad for kommunikasjon i alle språk. Å auke ordforrådet bør såleis vere eit av hovudmåla i (framand) språkundervisninga. Likevel har ikkje didaktisk forskning tradisjonelt lagt så mykje vekt på korleis vi kan hjelpe elevane med å byggje opp ordforrådet. Dette blei først tydeleg løfta fram i 1990-åra. Då forstod ein kor viktig ordforrådet er

for å auke den kommunikative kompetansen i eit framandspråk (Nation 2001).

I tillegg er *fleispråklegheit* blitt eit viktig omgrep i språklæringsprosessen. Under hovudområdet Språklæring er det klart uttrykt i læreplanen for Kunnskapsløftet at ein skal kunne samanlikne språk i språklæringsprosessen (Utdannings-

direktoratet 2006), men dette blir endå tydelegare i fagfornyinga. Det å bruke fleispråklegheit som ressurs i språkundervisninga skjer ikkje automatisk. Her kan læraren bidra til å gjere elevane meir bevisste ved å leggje vekt på den samla språklege kompetansen i klasserommet (Haukås & Speitz 2018). Dei norske grunnlagsdokumenta i skulen

harmonerer på dette viset med Det felles europeiske rammeverket for språk (2011) og alle publikasjonane til Europarådet (2016 osv.) om fleirspråklegheit som ressurs i all språklæring.

I denne artikkelen ønskjer vi å sjå på korleis etymologi, som er læra om opphavet til ord, kan vere eit didaktisk verktøy for å utvide ordforrådet til elevane ved at vi bruker fleirspråklegheita og aukar den metalingvistiske kunnskapen deira. Gjennom etymologi kan vi gi elevane tilgang til orda i framandspråklege tekstar på fleire måtar, og dei får øve opp evna til å kjenne igjen ord i framandspråket som er i slekt med ord i eit språk dei kan frå før, ofte norsk eller engelsk. Jo betre tilgang vi har til orda, til dømes i form av bilete og assosiasjonar, jo lettare hugsar vi ord (Bjørke 2018).

Indoeuropeiske språk

Dei fleste europeiske og mange asiatiske språk blir kalla indoeuropeiske fordi dei kan sporast tilbake til eit urspråk som vi kallar *indoeuropeisk*. Indoeuropeisk oppstod rundt Svartehavet for om lag 6000 år sidan. Vi har ingen kjelder til dette språket, berre hypotesar som er baserte på rekonstruksjon. Det vil seie at vi har dedusert oss fram til felles former som må liggje til grunn for mange liknande ord i dotterspråka. Framfor dei rekonstruerte formene skriv vi ein asterisk (*) for å markere at dei er hypotetiske. Vi reknar til dømes med at ei rekonstruert fellesform **ph2tēr* ligg til grunn for norrønt *faper*, engelsk *father*, tysk *Vater* og norsk *far* i tillegg til sanskrit *pitar*, gresk *patēr*

og latinsk *pater*, som i sin tur har gitt italiensk og spansk *padre* og fransk *père*. Alt her blir vi kjende med ei *lydlov*. Den merksame lesaren ser at alle orda tek til med *f*-lyd eller *p*-lyd. Det viser at den opphavlege *ph*-lyden frå indoeuropeisk har fått to forskjellige utfall i dotterspråka. Dette oppdaga òg *junggrammatikarane*, altså «dei unge grammatikarane», på 1800-talet. Dei bidrog til å skape større metodisk stringens i språkvitskapen ved at dei kopierte metodane til dei nyare naturvitskapane. Junggrammatikarane påstod at historiske (diakrone) lydendringar skjer etter unntakslause lydlover. Unntak frå lovene kalla dei *analogidanningar*, altså påverknad frå liknande ord. Slik systematiserte junggrammatikarane dei mange regelmessige likskapane mellom språka i tråd med ideala for lovbunde mønster i dette store hundreåret for naturvitskapen.

Den nordiske språkvitskapen i Noreg var djupt forankra i arbeidet til junggrammatikarane til langt ut på 1900-talet. Då hadde lingvisten Ferdinand de Saussure for lengst etablert den synkrone lingvistikken, som ser på språket som eit system, og dermed blei etymologi (og diakron eller historisk lingvistik) rekna som gammaldags. Etymologien er derfor på mange måtar ei utskjelt og gløymd grein av språkvitskapen. Men han er kanskje ei av dei artigaste tilnærmingane til språk – sjå berre på Yann de Capronas *Norsk etymologisk ordbok*, som låg under «alle» norske juletre då ho kom i 2013. Vi meiner det er på tide at etymologien kjem til heider og ære

igjen, spesielt som eit verktøy for å fremje ei fleirspråklegheitsdidaktisk tilnærming i språkundervisninga.

Etymologi i undervisninga

Nemningar for familierelasjonar ('mor', 'far' osv.) og kroppsdelar er gamle ord i språka fordi dei viser til noko universelt i tid og rom. Vi har derfor teke utgangspunkt i ordet for 'hovud' i indoeuropeisk og skal følgje historia til dette ordet i nokre europeiske språk.

Vi går raskt 6000 år tilbake i tid, til ei folkegruppe som truleg heldt til i det som er Tyrkia i dag. Vi reknar med at dei brukte eit ord som likna på **kaput* når dei skulle snakke om den øvste delen på menneskekroppen. Dette ordet overlevde nærmast uendra i 3000 år i ein liten del av denne folkegruppa, nemleg dei som etter kvart drog vestover og slo seg ned ved dei sju høgdene på den italiske halvøya, der Roma ligg i dag. Det latinske ordet *caput* betyr 'hovud', og dette ordet ligg til grunn for spansk *cabeza*, som framleis betyr 'hovud'. I utviklinga av dette ordet ser vi ei svært vanleg lydendring, nemleg at ustemte lydar blir stemte. Her er lyden *p* blitt til lyden *b*, ei forskyving som vi òg kan observere i enkelte norske dialektar, til dømes på Sørlandet: Der legg ein kledda i *skabet* i staden for i *skapet*. Endinga *eza* i spansk kjem frå diminutivforma (*cap)itia*.

Ein del europeiske språk har mange framandord som stammar frå latin. Den første delen av det latinske ordet for 'hovud',



H O V U D

haupt
 kapittel
 Kopf
 kaputt
 tøysekopp
 cabeza
 biceps

capital
 chef
 sjef
 cabo
 kaptein
 hovudstad
 hode

cap-, *finn* vi igjen i det engelske ordet for 'hovudstad': *capital*. Her må vi tenkje at dette ordet har metaforisk opphav. Ein hovudstad har dermed den same funksjonen for resten av landet som eit hovud har for ein kropp: Det er der alt blir styrt frå. Denne metaforen har vi òg i norsk, som vi ser i ordet *hovudstad*. Prefikset *hoved-* på bokmål har òg same opphav som *hode*.

Ord i norsk som har det same historiske opphavet som det latinske *caput*, er *kaptein* ('(over)hovudet på båten'), *kapittel* ('hovud i boka') og *biceps* ('muskel med to hovud'). I *biceps* ser vi ei anna typisk lydendring, nemleg at bakre vokalar som *o* og *a* kan bli påverka av den fremre vokalen i stavinga framfor dei og bli likare denne (omlyd). Vi skulle altså forvente *bicaps*, men så påverkar *i*-en i den første stavinga *a*-en i den andre og gjer han likare seg: Midt mellom *a* og *i* inne i munnen ligg lyden *e*. Det same skjer når ordet *kar* blir til *kjerring*, men då er det

i-en i den siste stavinga som påverkar *a*-en i *kar* og endrar han til *e*. Denne *e*-en påverkar i sin tur den harde *k*-lyden i *kar* og palataliserer han, altså gjer han mjukare ved at han blir uttalt lenger framme i munnen (der vi uttaler *e*). Dersom du seier *k*- og *kj*-høgt nokre gonger, kjenner du tydeleg kvar i munnen desse lydane blir produserte.

Palatalisering har elles herja med det latinske ordet *caput* i fransk; det har utvikla seg til *chef* og dermed fått ein mjukare, palatalisert lyd. *Chef* har så endra tyding, truleg først til 'sjef' (hovudet over ei gruppe menneske, overhovud), og det norske ordet *sjef* kjem sjølsagt frå *chef*. Deretter har *chef* i fransk fått ei snevrare tyding og betyr no berre 'overhovudet på kjøkkenet'. Både fransk og spansk har òg forstavinga *cap-* i enkelte avleide verb, til dømes dei mykje brukte *acabar* (spansk) og *achever* (fransk), som betyr 'avslutte', 'bringe til ende'. Det franske ordet har òg gitt opphav til det engelske

achieve, som kan vere ein fin knagg å hengje ordet på for franskelevane. Spanskelevane kan knyte ordet *acabar* til uttrykket *llevar a cabo*, som betyr å 'fullføre'. *Cabo* er rett og slett *caput*, og vi må forstå det som enden på noko, slik hovudet er enden på kroppen. Denne tydinga har nok vore utbreidd, for det er den som har gitt oss *kapp*, 'enden på det tørre landet', som i Nordkapp og Kapp Verde.

Men kva med ordet *tête*, som betyr 'hovud' i fransk i dag? *Tête* kjem ikkje frå *caput*, men derimot frå eit slangord for 'hovud' som blei brukt i Roma omtrent då Jesus levde: *testa*. *Testa* betyr opphavleg 'leirkrukke'. *Testa* fekk gjennomslag og er det ordet som blir brukt både i fransk og italiensk i dag, men i fransk har det gått gjennom nokre lydendringar. Den mest påfallande endringa er bortfallet av *s*-lyden, som i fransk ofte blir markert med det vesle hustaket, aksent sirkumfleks, over vokalen framfor. Når vi veit dette, kan vi knyte saman ordet

côte med engelsk *coast* 'kyst', *forêt* med engelsk *forest* 'skog', *bête* med *beast* og *beist*, og *fête* med *fest*. Men sjølv om eit ord opphavleg er eit slangord i seg sjølv, kan det i neste omgang brukast metaforisk; *tête* har gitt det norske *tet*, som er det som står mest fram eller er viktigast: altså først eller best.

Det indoeuropeiske **kaput* fekk ei anna utvikling i den folkegruppa som busette seg lenger nord i Europa. I germansk, som òg er eit rekonstruert moderspråk til dei ulike germanske språka, mellom anna norsk, engelsk og tysk, har ein tenkt seg at *k*-lyden i starten av ordet er blitt til ein *h*-lyd. Germansk **habudá-* har gitt opphav til norsk *hovud* og engelsk *head* og til nye orddanningar som *høvding*. I høgtideleg tysk og i enkelte faste vendingar finst ordet *Haupt*; *das Haupt der Familie* betyr 'overhovudet i familien'. Ordet finn vi òg i samansetjingar som *Hauptstadt* og *Hauptbahnhof*, og i det tyske ordet for 'høvding', nemleg *Hauptling*. I moderne tysk er ordet for 'hovud' derimot erstatta av *Kopf*. Dette ordet er òg opphavleg frå latin, men 'leirkrukke' var ikkje det tyskarane tenkte på når dei skulle gripe til ein metafor; dei valde heller ordet for 'kopp': *cuppa*. I norsk ser vi denne bruken av ordet *kopp* i samansetjingar som *rotekopp*, *masekopp* og *tøysekopp*, som altså rett og slett betyr 'rotehovud', 'masehovud' etc.

Med utgangspunkt i éin enkelt kroppsdelen kan vi altså setje i gang ei spennande utforsking av språkhistoria og samtidig bli meir bevisste på og ta i bruk dei fleirspråklege ressursane elevane har. På vegen aukar ordforrådet på ein måte som

festar seg lettare i det mentale leksikonet fordi eleven utviklar assosiasjonsnettverk med eksplisitte knaggar som dei nye orda kan hengjast på (Bjørke 2018).

Avslutning

Det finst knapt einspråklege menneske i verda; dei fleste av oss er to- eller fleirspråklege. Norske elevane kan ofte godt engelsk, og dei kjenner til ulike variantar av norske dialektar og nabospråk. I og med at 17,7 prosent av befolkninga har innvandringsbakgrunn (SSB 2019), finst det òg andre språklege ressursar i klasseromma. Dermed er det heilt klart grunnlag for å leggje meir vekt på språk og på kva ressursar allereie innlærte språk kan utgjere i ein språklæringskontekst. Ei lita innføring i vanlege lydendingar i språk vil gjere elevane i stand til sjølve å oppdage nye slektskapar blant orda dei kan. Så kan ein i lag, ved hjelp av ordbøker eller nettressursar, undersøkje om desse orda har sams opphav. Og sjølv om det skulle vise seg at det ikkje stemmer, og at ein konstruerer såkalla falske etymologiar – ei felle vi mang ein gong har gått i sjølve – så lærer ein likevel og får ei fin aha-oppleving på kjøpet.

Vi har teke døme frå skulespråka, men elevane har endå fleire språkressursar. Når vi ser dei fleirspråklege ressursane til barna og verdset dei, skaper vi læreglede. Oppfordringa vår er derfor: Ikkje ver redde for å vere nysgjerrige! Kartlegg forkunnskapane til elevane og leik med det fleirspråklege. Ingen kan alt, men alle kan lære. Den europeiske språkpermen (2015) er eit glimrande verktøy her. Når de snakkar om grunn-

leggjande trekk i språkutviklinga, kan eleven kjenne igjen nærskylde ord på tvers av språka. Denne ferdigheita kan dei bruke ved læring av alle språk, og i tillegg gir ho meir kunnskap om innlærte språk. Og sist, men ikkje minst: Det er gøy å gå på språklege oppdagingsferd!

Referansar

- Bjørke, C. (2018). Vokabular og ordinnlæring. I Bjørke, C., Dypedahl, M. & Haukås, Å. (red.), *Fremmedspråksdidaktikk* (s. 153–171). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- de Caprona, Y. (2013). Norsk etymologisk ordbok. Oslo: Kagge forlag. Europarådet (2011). *Det felles europeiske rammeverket for språk. Strasbourg*. Henta frå: <https://www.udir.no/contentassets/7b05fd5245a04fe1bad995dc69809703/det-felles-europeiske-rammeverket-for-sprak-2011.pdf>
- Europarådet (2015): Den europeiske språkpermen. Strasbourg. Henta frå: <https://www.fremmedspraksenteret.no/elp>
- Europarådet (2016). *Plurilingual and intercultural education. Guide for the development and implementation of curricula*. Strasbourg.
- Haukås, Å. & Speitz, H. (2018). Flerspråklighet og språkfagene i skolen. I Bjørke, C., Dypedahl, M. & Haukås, Å. (red.), *Fremmedspråksdidaktikk* (s. 49–64). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Nation, P. (2001). *Learning vocabulary in another language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Statistisk sentralbyrå (2019). *Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre*. Oslo. Henta frå <https://www.ssb.no/innvbfef>
- Utdanningsdirektoratet (2006). *Læreplan i fremmedspråk*. Oslo. Henta frå <https://www.udir.no/k106/FSP1-01>
- Utdanningsdirektoratet (2019). *Fagfornyelsen i fremmedspråk*. Oslo. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/fsp01-02>